

Produktivitet

	2017	2018
Produerte saker ¹⁾	7 381	7 737
Årsverk ²⁾	133,1	140,6
Produktivitet	55,5	55,0

1) Tilsvarar summen av medhald, avslag, saker der det blir utrekna erstatning, avviste og bortlagde saker.

2) Tilsvarar faktiske årsverk i NPE i perioden 01.01.2018 til 31.12.2018. Årsverk som er knytte til NPE si forvaltning og utvikling av IT-system i Helseklage er trekte ut.

Vi reknar produktiviteten som talet produserte pasientskadesaker per årsverk.

Endringa i faktiske årsverk frå 2017 til 2018, som så påverkar utviklinga i produktivitet, skuldast mellom anna endringar i korleis ressursane NPE brukar til forvaltning og utvikling av IT-system i Helseklage blir rekna ut. Utrekningsmåten går fram av ein avtale mellom NPE og Helseklage. Denne avtalen blei reforhandla med verknad frå 2018.

I tillegg blir årsverkstalet påverka av den årlege budsjettfordelinga mellom NPE og Helseklage. *Når vi korrigerer for dette, ligg produktiviteten til NPE i 2018 på om lag same nivå som i 2017.*

Vi jobbar kontinuerleg med større og mindre tiltak for å betre arbeidsmetodikken vår, utvikle kompetanse mm. slik at vi kan produsere fleire saker per årsverk.